



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Voss, 09. mars 2017

Høyringsuttale om løyve til å byggje Haugamoen kraftverk.

Voss Naturvernlag er lokallag i Norges Naturvernforbund og har motteke *Voss Energi AS* sin søknad om løyve til å byggje Haugamoen kraftverk i Voss kommune.

Generelt om tiltaket

Kraftverket vil nytte eit fall i Bordalselva på 139 meter frå inntaket på 561 moh til kraftstasjonen på 422 meter. Vassvegen vil bli på 1100 meter og nedgraven i grøft mesteparten av vegen. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,0 MW og vil etter planane gje ein årsproduksjon på 2,86 GWh.

Om Bordalselva

Rådgivenede Biologer AS (RB) har utarbeidd ein rapport om verknadene av tiltaket på miljø, naturressursar og biologisk mangfald i området. I dette arbeidet har RB brukt dei malar og vegleiarar som er tilrådd av styremaktene. Det siste året har det vore gjennomført undersøkingar (m.a. i Øystesevassdraget) som tyder på at det kan vere ei underrapportering av raudlistearter og trua naturtypar i slike rapportar. Det ligg ikkje føre noko dokumentasjon på at det er slik i dette tilfellet, men me ber NVE om å vere merksam på den generelle situasjonen. Voss Naturvernlag er likevel skeptiske til, og direkte ueinig i dei vurderingar som RB gjer med omsyn til kva konsekvensar utbygginga vil få for naturverdiane i området.

Bordalselva er eit verna vassdrag. Som del av Vossavassdraget er elva eit av få større gjenverande uregulerte vassdrag på Vestlandet som renn fritt frå fjell til fjord. At det finst store naturverdiar i eit verna vassdrag seier seg sjølv.

Konklusjon

Dette området er mykje brukt som turområde og vil ved ei evt. utbygging få redusert visuell verdi ved at eit kjent og vakkert landskapsbilde vert forringa. På bakgrunn av dei vurderingane som er gjort for å gje Vossavassdraget status som eit verna vassdrag vil Voss Naturvernlag gå i mot utbygging av Haugamoen kraftverk.

Med helsing
Voss Naturvernlag
Kåre Flatlandsmo
leiar